

Kleivane 05.06.2014

• • •

Grunneigarane på Mjelle og Rognkleiv  
Kleivane

NVE-Konsesjonsavdelinga  
v/sakshandsamar Matilde Anker  
Postboks 5091 Majorstua  
0301 Oslo

### Høyringsuttale på SFE Nett sine planar om bygging av ny kraftleidning frå Gjengedal i Gloppen kommune til Storebru/Agledal i Flora kommune.

Grunneigarane på Mjelle og Rognkleiv går på det sterkaste i mot at det vert gjeve løyve til å byggje den omsøkte linja.

Vi var i utgangspunktet villege til å ta ulempene med å få denne linja over våre eigendomar , sidan vi såg at ny linje ville vere nødvendig for at planlagde og konsesjonsøkte kraftverk i bygda skulle kunne realiserast, og at marginaltap og innmatingskostnadar med den nye linja kunne bli redusert, for eksisterande kraftverk .I staden ser vi at vi vil få ein auka innmatingskostnad med den nye linja på minst 3,2 øre og truleg opp i mot 3,5 øre. Dette vil utgjere minimum ei ekstra nettleige på 32 000kr / GWh eller omlag 400 000 kr / år noko som gjer at vårt kraftverk blir ulønnsamt. Vi viser vidare til uttale datert den 05.05.2014 frå eksisterande , potensielle småkraftprodusentar i Hyen og grunneigarlaga i Austre og Vestre Hyen .

Det vil vere meiningslaust å gje SFE Nett løyve til å byggje denne linja med regelverket for innmatingsavgift som er i dag, då kostnadane med linja blir lagt på eksisterande og nye kraftverk. Det er grundig dokumentert at denne linja vil knekke økonomien til eksisterande og potensielle småkraftverk som blir knytt opp til denne linja.

Det blir arbeidd med å få styresmaktene til å endre dagens regelverk for finansiering av regionalnettet for produksjonsrelaterte linjer og nettet elles, men vi har lita tru på at det vil skje på kort sikt.

Om det likevel trass vår motvilje, vert gjeve løyve til å byggje den nye 132 KV linja , har vi tidlegare kome med forslag om å leggje trasen til alternativ A-2. Vi ser dette alternativet som det beste , og vi går i mot alternativ A-1 som begrunna i tidlegare høyring. Blir det konfliktfullt å leggje linjetrasen ned gjennom Gjengedalsjølet, slik den er planlagt no, ser vi for oss at den kan trekkast lenger vekk i frå elva ved å leggje den lenger opp mot Mjelle og Rognkleiv som skissert i kartvedlegg.

Vert det gjeve konsesjon for bygging av kraftlinja gjennom våre eigendomar, må det skje i nært samarbeid med grunneigarane for å få minst mogleg ulemper for andre interesser med linja.

Eigarane på gards og bruks nr. 20/<sup>15</sup>~~13~~ og 14 støttar oss i denne uttalen.

*Jon M. Rønnekleiv* *Margrethe Bjeller*

Grunneigarane på Mjelle og Rognkleiv

*Ellen Rønnekleiv*  
For gbnr. 21/1,4 Ellen Rønnekleiv

*Eilev Otto Rønnekleiv*  
gbnr. 21/2,3 Eilev Otto Rønnekleiv

*Maria Mjelle Tonheim*  
gbnr. 20/7 Maria Mjelle Tonheim

*Anne Marie Mjelle*  
gbnr. 20/1,3,8 Anne Marie Mjelle

*Bertel Oddne Mjelle*  
gbnr. 20/2,4 Bertel Oddne Mjelle

*Nils Holme*  
gbnr. 20/5 Nils Holme